



Laila Konglevoll
Lokketodalen 31
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2943 - 18/37936

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2018

Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 56/10 og 56/47 Hundvin

Vi viser til søknad om arealoverføring mellom gbnr 56/10 og 56/47 mottatt 26.09.2018.

Søknaden om dispensasjon frå plankrav og byggjegrense mot sjø vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 12.12.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

Plan- og miljøutvalet - 157/18 PM - behandling:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet og byggjegrensa mot sjø for arealoverføring av eit areal på om lag 300 m2 mellom gbnr 56/10 og 56/47 slik det er søkt om.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering i eiga oversending.

Handsaming av søknad om løyve til arealoverføringa vil skje når klagefristen er ute, eller når ei eventuell klagesak er avklart.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon frå plankrav og byggjegrænse mot sjø for arealoverføring - gbnr 56/10 og 56/47 Hundvin

Søknad om arealoverføring - gbnr 56/10 og 56/47 Hundvin

Kart

Søknad om dispensasjon

Gbnr 56-10 og 56-47 Grunnkart

Gbnr 56-10 og 56-47 Plankart

Tilleggsdokumentasjon - søknad/dispensasjon - gbnr 56/10 og 56/47 Hundvin

Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 56/10 og 56/47 Hundvin - arealoverføring

Uttale frå planavdelinga - gbnr 56/10 og 56/47 Hundvin

Vedlegg til søknad om arealoverføring fra gnr 56

Mottakarar:

Laila Konglevoll
Thomas Bruheim

Lokketodalen 31 5136
Wallemslien 19 5165

MJØLKERÅEN
LAKSEVÅG